

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG</b>	Vest	
<b>Møtested:</b>	<b>Quality Hotel Bergen Airport, Sandsli</b>	
<b>Dato/tid:</b>	1.-2. 11. 2017 kl. 11.00	<b>Protokoll: 02/17</b>
<u>Davina</u>		
<b>TIL STEDE:</b>		
<b>Arbeidsutvalget:</b>	Even Øyri, Lidvin Hage, Reidar Kallestad, Magne Riise, Jan Roy Eide, Svein Helge Lærdal.	
<b>Regionutvalget:</b>	Lise Elvagjeng, Steinar Schanke, Aud Molvik, Eldrid K Grønsberg, Anders Haugen, Jon O Nummedal, Odd Inge Feidje, Bjarte Myren, Bjarte Nordanger, Eli Berge Ness, Jens N Sagevik, Per Magnar Sognnes, Anita Sæther, Magnus Andre Sundal, Olav Myrholt, Steinar Evebø, Bjarne Hauge (vara for Elias Eimhjellen), Ingolf Folven, Per Gunnar Gilleshammer, Ove Bruheim, Oddmund Kvalsvik, Lillian Flø, Liv Signe Kvamme (vara for Odd Bjarne Bjørndal), Ove Jonny Hånes, Rolf Otto Blindheim, Bastian Weiberg-Aurdal, Per Ivar Skodjereite, Øyvind Heinåli-Karlsen, Lasse Øvstdal, Kåre Honningsvåg, Magne Haug, Rune Nerheim, Erling Lønning, Einar Glette, Louis Medhaug (vara for Solveig Øie), Norleif Fjeldheim, Egil Otto Haakull, Sjur Åkra, Maryna Novik, Alf Egil Vaula (vara for Ragnvald Stople), Audun B. Næss, Arnt Haugsgjerd, Trygve Høines, Marit Mathiassen, Karen E. Rydland Sæbø (vara for Lars Ove Rimmereid), Frank Kvammen, Asgeir Nøttveit, Jostein H. Hellestveit, Arnt Bakke, Guro Sofie Gjelland, Kåre Olai Solheim, Lars Even Brekke, Helge Reisæter, Eivind Myrdal, Hans Arne Breivik, Gerd Karin Njåstad, Vidar Hegghem, Sindre Aasen, Ola Kongsvik,	
<b>Valgkomité:</b>	Leif Arne Lirhus,	
<b>Andre:</b>	Helene S. Bødtker,	
<b>Forfall:</b>	Lars Ove Rimmereid, Jonas Vedå, Øystein Bakke Kongsvik, Nils Christian Bjørgo, Rune Nordbotten, Jørgen Wik, Ørjan Russenes, Elias Eimhjellen, Odd Bjarne Bjørndal, Kjetil Mehl, Olve Neteland, Stein Olav Hauge, Åsne Tesdal Rødland, Svein O. Børve, Ragnvald Stople, Kristoffer Bakke Handeland, Ragnhild Døving, Lars Peder Malones, Martin Strømøy, Bente G. Nordanger.	
<b>Konsernstyret:</b>	Johan Narum – Jan Erik Fløtre	
<b>Administrasjonen:</b>	Lisbeth Svenden, Torgeir Erfjord, Ingvill Jørgensen, Eivind Fonn, Odd Finnesand, Britt Randi Stokkevåg	
<b>Referent:</b>	Ingvill Jørgensen	

Sak nr	
1	<p><b>Konstituering</b></p> <p><b>Even Øyri ønska velkommen. Og refererte til saker som har vore oppe i Arbeidsutvalet og saker som har vore tekne vidare etter RU-møtet i haust. Opprop v/Ingvill Jørgensen</b></p> <p><b>Innkalling og sakliste godkjend utan merknader</b></p> <p><b>To til å skrive under protokoll saman med møteleiar: Lillian Flø og Arnt Bakke</b></p>

	<p><b>RU-leiar sin tale</b></p> <p>Even tok opp samhandling og arbeidet som tillitsvald. Påverknad har vi om vi vil bruke det, hugs at tillitsvalde har eit ansvar for at dette vert brukt for å få til dei beste løysingane. Ros til medlemene i AU, flinke folk som deler info og kunnskap på dyreslag. Viktig at vi brukar dette forumet for framdrift i selskapet.</p> <p>Ny kanal opp til styreleiar ved at det er telefonmøte med leiar og nestleiar i alle RU. Oppfordrar til å halde fram med den gode tonen vi har hatt i området og møtet og det store engasjement som denne forsamlinga har hatt i lang tid.</p> <p><b>Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend.</b></p>
2	<p><b>Regional valkomité orienterer</b></p> <p><b>Leiar i valkomiteen, Marit Mathiassen la fram saka.</b></p> <p>Presenterte seg, og informerte om korleis regional valkomité arbeider. Oppfordra til innspel frå alle i RU-møtet, for å fylle alle verv med dei beste eigar-representantane.</p> <p>Gav alle lekse – kom med minst eitt innspel frå kvar krets.</p> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering.</b></p>
3	<p><b>Open post.</b></p> <p><b>Desse hadde ordet:</b></p> <p>Per Magnar Sognnes, Gerd Karin Njåstad, Eli Berge Ness, Magne haug, Eivind myrdal, Erling Lønning, Oddmund, Sjur Åkra, Anders haugen, Jostein H. Hellestveit, Ingolf Folven, Lidvin Hage, Per Ivar Skodjereite:</p> <p>Høyrysuttale, min gjekk i «spammen», treng at disse er utsendt med Nortura i namnet. Naudslaktarar, vanskeleg å få tak i nokre gonger, vanskeleg når dyra lid, veterinær ville ikkje slakte, kunne då få problem med naudslaktar. Her bør vi ha felles reglar mellom alle. Avhorning på kalvar, minus 1000 kr., dette er vanskeleg. Feil når kalvar vert flytta svært unge, når dei er avhorna. Bør sjå på reglane, eller lage spesialavtale.</p> <p>Varafolk inn til RU-møtet, dette bør vere kretsen sin jobb å få til.</p> <p>Prisen på ung sau går ned, her bør vi sjå på om å få til noko på denne gode dyret. Mange finn ikkje produkt i butikk på småfe, her må det gjerast noko.</p> <p>Treng å vite kva som er planar på sau og ung sau framover.</p> <p>Rugeegg-overproduksjon., utkjøp, noko skal takast over fellesskapet, er dette også for andre dyreslag i så fall når det gjeld overproduksjon?</p> <p>Takk for støtte og deltaking Os Bondelag si feiring – var 150 år.</p> <p>Kvifor spør Nortura etter fleire smågrisprodusentar?</p> <p>Medlem skulle handle på medlemsbutikk på Førde, fekk ikkje det som var ønska ved første forsøk, nokon står innom døra og skjer ned, ungdom bak disken, ingen service. Neste dag fekk vår medlem det han vill ha sendt frå Nils Ringdal, Hellesylt.</p> <p>Gris - overproduksjon – volummodell frå 2020 – med stor effektivitet på purker – bør ein vurdere nye måtar som kontrakts-produksjon?</p> <p>Ambassadør for Nortura, viktig å demme opp for importen, men det ein opplever no er altfor vanskeleg. Same retorikken som ein hadde på småfe, vert no brukt på storfe, kan nokon overtyde meg om at dette vert gjort rett?</p> <p>Utlyst 100% stilling på naudslaktar i Hordaland, kan ein tenkje fleire i mindre stillingar? Overskot sau er eit av argumenta for därleg resultat, men kva skjer ut resten av året?</p> <p>Er det nye ting som belastar som data etc. som belastar drifta? Kva vil ein gjere for å endre på dette?</p> <p>Tidlegare kom det som stod på avrekning inn på konto, ikkje som no med vilkårleg kva som kjem inn, viktig at dette vert ordna opp i.</p> <p>Vi må vere obs på amme ku så vi ikkje hamnar i same situasjonen som småfe, har teke det opp i 3 RU-møter før. Må ikkje hamne i same situasjon, frustrerte sauebønder som har bygd, nokon startar opp med ammeku i «gamlefjøsen» og på mjølkebruk. Nortura-ansett</p>

	<p>ringde for å få til ammeku-møte, treng dette i området med lite ammeku. Er det ingen overordna politikk for kven som skal oppfordre til produksjon, står dei enkelte områda opp mot kvarandre?</p> <p>Odd svara ut nokre av innspela, Britt Randi svara ut om naudslaktar og bad om innspel på rett løysing, Lisbeth og Johan resten etter kvart.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering og vert teken vidare for oppfylging.</p>
4	<p><b>Drift/Økonomi</b> Johan Narum orienterte om saka.</p> <p>Johan Narum presenterte seg, gjekk vidare og presenterte også resultatet i Nortura etter 2. tertial. 100 mill. bak resultatet i fjar så langt, og mykje av det positive i resultatet er på grunn av døtrer. Svikt i bruttomargin i 2.dre tertial. Orienterte om utfordringar økonomisk sett vedrørande endring frå bakkar til papp, og endra vareveg. I tillegg til bygging av lager og at avtalen med NorgesGruppen på kjøp av kylling ikkje er oppfylt, NOVA, og høgare personalkostnader.</p> <p>Utfordring å ta ut «vår» del av fortenesta i marknaden, og få auke, sjølv om omsetninga har auka.</p> <p><b>Informerte vidare på produksjonane.</b></p> <p><b>Spørsmål og innspel frå salen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Få fekk teljedataane – dette lagar ubalanse – kva er pris på sauен til Afghanistan?</li> <li>• Obs på storfekkjøtproduksjonen – men har vi gode tal på slakting på grunn av försituasjon, og på kalvetap i mjølkeproduksjonen på grunn av nedgang her, kan vi få problem?</li> <li>• Kva med kvoter – kan bonus system vere ein veg å gå for å ta ned antal småfe?</li> <li>• Prognosar – smågris kontra slaktegris – det må gå an å seie kva veke grisene kjem til slakt i dag. Og det same på fôringsdyr? Og kva tiltak bør vi ha for å få ned purkettalet?</li> <li>• Bør vi ikkje ha større fokus på økonomisk utvikling i selskapet i eit møte som i dag? Kvifor stor forskjell mellom resultat i døtrer og morselskap? Må ha tettare fokus på kvar produksjon som på egg, gi moglegheiter til områda som kan tene pengar.</li> <li>• Fokus på reklame, og for egg – treng reklame for kolesterol-frie egg!!!</li> <li>• Les vekeblad – der er egg trekt fram positivt i mange samanhengar.</li> </ul> <p><b>Johan svarte ut innspela.</b></p> <p>Jan Erik la fram sak om storfe, presenterte seg sjølv.</p> <p>Fekk spørsmål om samarbeidet med Tine og om dette kan utviklast vidare – også opp mot Geno for å utnytte den norske kombinasjonskua. Treng å få signal frå mjøkeprodusentane som bør trykke på mot Geno, og å vere klar på etterslepet i storfeproduksjonen.</p> <p>Alle produksjonar heng i hop, alt skal seljast og ein kan ikkje meir enn eta seg mett. Styret må kunne balansere alle produksjonar opp mot kvarandre. Kva slags verkty har vi for å kunne finne ut kva som er rette tal for utbyggingar?</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
5	<p><b>Livdyr i RU-Vest</b></p> <p>Odd Finnesand la fram info om det som går føre seg på livdrysida.</p> <p><b>Innspel:</b></p> <p>Kjøp av fôringsdyr – heilt grei på vekta på bilen.</p> <p>Kva med kvige som er veldig tung på grunn av drektighet – føler eg betaler for kalven to gonger.</p> <p>Kva med SPF grisene – Norsvin og Nortura har forskjellig fokus. Her må Nortura ta grep. Klauvskjering vil eg ikkje ha, kan ikkje ein veterinær gjere dette med godkjenning?</p> <p>Sal av dyr – meiner at veterinærattesten har ingen verdi.</p>

	<p><b>Britt Randi orienterte om sesongen i Sandeid.</b>  <b>Sau – kan ein slakte meir i veke 36 og også kunne få inn meir lam saman med sauene?</b>  <b>Sau – den kjem på grunn av prising av effektivitetstillegg. Har ikkje teljedato for vaksen sau.</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering.</p>
6	<p><b>Strategiprosessen presentasjon av status i arbeidet med ny strategiplan.</b>  <b>Lisbeth Svendsen la frem saka, men orienterte først om det som skjer i marknaden og utfordringane der.</b></p> <p><b>Kva med Gilde kjøttdeig? Er ikkje den viktig?</b>  <b>Kor mykje vert investert i kampanjar for å få fram varene? Har det vore investert nok?</b>  <b>Trong å kome inn i butikk, vanskeleg å finne våre varer i butikk! Kva vert gjort for å endre dette? Kan vi styre forbrukaren betre?</b>  <b>Treng meir på egg på produkt, og på kva som vert gjort her – her er det moglegheiter, overskot på egg neste år.</b>  <b>Fårepølse – mager – finn den ikkje i butikk? Berre på medlemsbutikken.</b>  <b>Er dette med transporten tapt? Mykje returvarer hos grossist.</b></p> <p><b>Lisbeth gjekk vidare med Strategisaka og orienterte om opplegget og fokus, i arbeidet med planen.</b></p> <p><b>Oppsummering av innspel frå kretsutvala</b>  <b>Ingvill la fram oppsummeringa frå kretsutvala og alle gjekk til gruppearbeid på saka, for eventuelle tillegg til uttalen på høyringa.</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering</p>
7	<p><b>Open post</b>  <b>Per Magnar Sognnes, Lasse Øvstedal, Per Ivar Skodjereite, Eldrid Grønsberg, Reidar Kallestad, Øyvind Heinåli-Karlsen, Eli berge Ness, Jostein Hellestveit, Asgeir N, Oddmund, Helene</b></p> <p><b>Livdyrsal – Treng ei side på nettet for å få total oversikt. Den som er no, er ikkje god. Treng same side som når er går på bruktbilsal på Finn.no.</b>  <b>Prissetting av livdyr, denne er ikkje god, kjøpte 3 kyr, snakka med eigar, veldig feite, dette bør formidlar sjå av alder og opplysningane, svært høg pris, og ikkje realistisk. Treng svar på prissetting. Ønsker fastpris på alle avlsdyr. Forsikring gjennom Nortura, var for berre to månader. Kva er grunnlaget for at forsikringa varer berre i 2 månader? Reklamere direkte til eigar, kvifor det og ikkje direkte til Nortura? Veit heller ikkje kva ein betalar for når ein les avrekninga når det gjeld avlsdyr. Kva med forsikringspapir ved mottak av dyr?</b></p> <p><b>Slakteri i Tresfjord, bygg kom opp i sumar – veit ein noko om dette? Det vert sagt på bygda at ein skal ha samarbeid med Nortura. Kva med inntransport? Samarbeid også her?</b></p> <p><b>Treng gode nettsider på livdyr, spesielt med tanke på unge brukarar. Bruktbilsal, også der er det tosidig at alle må gjere ei vurdering ved kjøp/sal.</b></p> <p><b>Kva vert gjort på produktutvikling på sau? Kan vi putte meir sau i fårepølsa?</b></p> <p><b>Ny brukar, har 5 til som vil inn i Nortura med sau, er vi interessert i desse i desse overproduksjonstider? Får mange spørsmål i den situasjonen vi er i no!</b></p> <p><b>Ikkje mykje dyr i nordre deler av region Vest på nettsida til Nortura.</b></p>

	<p>Treng strimla lammekjøt, er det mogleg å få dette inn på fleire butikkar? VM-pølsa frå saueklipping i Bjerkreim 2008 må ein få tilbake og selje, og treng større pakningar for familiar.</p> <p>Bør få student til å lage nett side, og takkar for tilbodet om kontakt på saka om livdyr.</p> <p><b>Medlemskjøp i Førde, tek ein telefon når eg treng noko spesielt. Må vere tosidig når det gjeld varer som bør bestillast.</b></p> <p>Nettsider må lagast, finn.no må vere ein god mal, då er det seljar som gjer arbeidet.</p> <p>Sauefella på ammeku, styret er obs på dette, korleis formidlar styret bodskapen sitt ut, og går dette til rådgjevarane. Full gass eller??</p> <p>Etterlyser grove ostepliser som vi kjøpte i medlemsbutikken, veldig gode, kvifor får vi ikkje tak i det som er godt, heile tida?</p> <p>Utfordringar – mellom-lam – går dette som sau eller lam?</p> <p>Økonomi, reiseutfordringar, lite bondemat, må ta med dette på forhandlingar mot hotellkjeder.</p> <p>Viktig med kommunikasjon vedr. Storfe, også til bankar og finans-institusjonar som Innovasjon etc.</p> <p>Ynskje om lamme-pølse frå VM saueklipping 2008 til lunsj på neste RU-møte i mars.</p> <p>Odd svara ut innspela på livdyr. Torgeir tok resten. Og Eivind om nokre av sakene vedr. Førde.</p> <p><b>Vedtak:</b> Saka teken til orientering og saker vert tekne for vidare oppfylging.</p>
8	<p>Nærings- og handelspolitisk status. Kjell Rakkenes var forhindra, så Johan Narum innleia om saka.</p> <p><b>Innspel og spørsmål:</b> Per Ivar Skodjereite, Ove Bruheim, Helene S. Bødtker, Per Magnar Sognnes, Egil Otto Haakull, Bjarte Myren, Anders Haugen, Asgeir Nøttveit hadde ordet: Regjeringa har ikkje fleirtal, kva om Krf går inn i regjeringa? Kva betyr kostnadsdrivande – vedr. køyre og kviletid? Kva med Mattilsynet og dyrevelferda – kva er gjort opp mot dei? Har vi eit rekrutteringsproblem når det gjeld dyrebil-sjåførar? Kva med mjølk- og destruksjonstransport? Har dei fritak? Frihandel – nokon som set spørsmål på dette opp mot klima? Fond for små mjølkeprodusentar til kjøtproduksjon frå KRF, korleis handterer Nortura dette? Bodskapen om dette må ut no! Kva med bereidskapen – vi har ikkje lager på korn lenger, vert dette teke mot myndigheiter? Kan det brukast gamle merkje på dyra som går til slakting? Eivind Fonn kommenterte på marknadsregulatorrolla på småfe. Bør ikkje Nortura oppfordre til litt mindre produksjon og det tidleg? Kva meiner de i møtet som småfeprodusentar? Tykkjer det er godt Eivind tek opp dette – saka var også oppe i går. Utfordrar leiinga om å kome med eit konkret opplegg på saka. Kva skjer med nye kommunegrensar – kva med produsentnummara då?</p>

	<b>Vedtak: Saka teken til orientering og saker tekne vidare for oppfylging.</b>
9	<p><b>Tilførsel/Råvare &amp; Medlem</b>  Torgeir la fram saka og orienterte om det som skjer på produksjonane, i tillegg til marknadsandeler. Tok også opp om kor viktig kommunikasjon er, både internt, men også ut mot samfunnet.</p> <p><b>Spørsmål og innspel:</b>  <b>Oddmund Kvalsvik, Øystein Heinåli-Karlsen, Erling Lønning, Oddmund Kvalsvik, Per Ivar Skodjereite, Norleif Fjeldheim.</b>  <b>Har ein samarbeid med dei andre slakteri-aktørane når det gjeld å få til reduksjonar i grise-produksjonen?</b>  <b>Om Nortura gjer noko på Limousin Unik? Mange reklamerer for konkurrent med denne varekjeda i f eks Tyr.</b>  <b>Gris – baksida på BV- stod av Nortura er ute etter smågris- og slaktegrisprodusentar – treng kombi-produsentar i denne situasjonen!</b>  <b>Ta med dei kreative blant eigarane også!</b>  <b>Må vi levere slakt til konkurrentane våre?</b>  <b>Kva med å hjelpe produsentane med å lukke avvik i tilsynssaker – gjeld dette berre nokre geografiske områder eller nokre dyreslag?</b>  <b>Vert det rekna renter når Nortura gjer feil på utbetaling/trekk på oppgjer på grunn av SAP?</b>  <b>Spørsmåla vart svara ut.</b></p> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering</b></p>
10	<p><b>Sentral valkomité informerer</b>  Reidar Kallestad la fram saka og informerte om kven som står på val. Skryt til RU-Vest for alle innspel som kom i fjar til sentral valkomité.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kva er kompetansen i styret og kva ser valkomiteen etter? Viktig med god blanding.</b></li> <li>• <b>Bør få vite kva styremedlemmar er gode på, for at vi skal kunne vurdere styret og eventuelle nye som bør inn.</b></li> </ul> <p>Reidar oppfordra til å kome med kandidatar sjølv om dei kanskje ikkje vert brukte same året, alle vert arkiverte for eventuell seinare bruk.</p> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering.</b></p>
11	<p><b>Info frå fagutvala</b>  Svein Helge om kylling – korleis kan styret styre alle produksjonane for høgast mogleg utbytte. Kylling frå Trøndelag kjem no inn i Nortura og stressar stort lager endå meir. Dette var kylling som gjekk inn i Rema før.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Melding frå Landbruksminister om at ved høgare konsesjonsgrense skulle det no vere heildagsarbeid for bonden, kva er realiteten? Også økonomisk?</b></li> </ul> <p>Jan Roy om egg – orienterte om marknaden og kva som kan vere mogleg her og forbruk framover, om overgang til frittgåande høner, produktutvikling og innovasjon. Kanskje behov for å utvide på Revetal Egg-produkter på grunn av stor produksjon?</p> <p>Viktig å hindre ny-etableringar, det er stort press i Trøndelag. Nøkkelferdige hus med alt på plass, her ser vi at andre aktørar reklamerer med at Nortura har mottaksplikt. Politisk treng egg marknadsordningane.</p> <p>Orienterte også om gift-skandalen på egg på kontinentet. Her har industrielle aktørar kome tilbake og kjøper norske egg frå Nortura.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kan vi hindre nye produsentar ved at dei får mindre pris?</b></li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Kjekt at det går godt på egg, var på Revetal tidlegare, men der er lite plass rundt. Treng kanskje ein ny stad for denne industrien for framtida?</b></li> <li><b>Omstilling i Rogaland, som ikkje berre er Jæren, andre fylker/områder får omstillingssmidlar frå Innovasjon, dette er ei utfordring for mange økonomisk, også i Rogaland.</b></li> </ul> <p><b>Reidar om småfe, kvalitetsvare er det i år også, sjølv med lågare vekter. Skryt til småfebonden. Litt lite inn i slutten av august, men dette må veret og føret ta mykje av skulda for.</b></p> <p><b>Ca. 600 tonn på både lam og sau på reguleringslager no, dette er betre enn i fjoråret, men mykje sau neste veke inn til slakt (25.000), og heile marknaden er usikker. Treng nytenking på same måte som med egg – gjer vi nok her? Treng at alle dreg ned produksjonen litt, for å få opp att prisen. Vanskeleg med konkurranse-situasjonen. Treng også å få Innovasjon med på å ta ned tildelinga på småfe. Mange eldre blant produsentane, men dei er ofte små. Usikkert korleis produksjonsnivået vil utvikle seg, derfor treng vi utvikling på produktsortimentet.</b></p> <p><b>Treng lågare saueslaktantal, og derfor behalde sauens lenger. Og at alle tek sauens sin i retur. Treng å gjere ein dugnad for å få dette til. Treng kanskje langtidsinnmelding av småfe, spesielt etter jul?</b></p> <p><b>Marit Mathiassen, Per Ivar Skodjereite, Trygve Høines hadde ordet:</b>  <b>Unge folk vil kanskje ete sau når vi har noko som vi kan lage raskt. Og dette er skikkeleg norsk mat.</b></p> <p><b>Prognosar på slakt, vi veit ikkje kva som kjem vert det sagt. Det må kunne vere mogleg å vite kor mykje som er på gong.</b></p> <p><b>Bør ein ikkje sjå på storleiken på lam og at dette kan vere ein måte å regulere på, i staden for antal?</b></p> <p><b>Magne om storfe – oppmoda å ta kontakt med han eller medlemene i ressursgruppa om innspel, då det meste allereie var orientert om på storfe (Torgeir og Jan Erik)</b></p> <p><b>Lidvin – om gris då Ragnhild er borte. Det viktigaste Nortura må gjere er å lyfte omdømet, og treng produktutvikling på grisen også. Spesielt med tanke på at grisen er det dyreslaget som er størst. Fokus på avls-sida gjennom Norsvin, og på SPF (smittefri gris), dette er ein lang prosess.</b></p> <p><b>Dyrevelferd og tilsynskampanjar er negativt for grisen, men treng å ha eit godt forhold til Mattilsynet. Har Norsvin teke for mykje omsyn til eksport, då vi har fått ein svakare gris vedr. halebiting og lynne, dette bør endrast. I utlandet har slaktegris kuppert hale. Korleis vil grisen kunne komme ut med ny Volum-modell, korleis kunne handtere nivået når ein ikkje kan eksportere lenger?</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li><b>Støttar opp om det Lidvin seier, er tilbake på områder innan avl, der vi var på 80-talet.</b></li> <li><b>Innovasjon Norge – informerer styret Innovasjon om kva som skjer på dei enkelte dyresлага? Er det Nortura som betaler klimaprisen når Fatland hentar/lossar på våre anlegg?</b></li> <li><b>Treng ambassadørar ute mot forbrukar for å endre folk si oppfatning om blant anna grisen.</b></li> <li><b>Volum-modellen – kva er det?</b></li> </ul> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering</b></p>
<b>12</b>	<p><b>Ny Giv i kretsane</b>  <b>Ingvill orienterte om Ny Giv i Kretsarbeidet, kvar saka står og kva som er gjort, og bad så om tilbakemeldingar frå pilotane og eventuelt andre tillitsvalde.</b></p> <p><b>Pilotane fortalte om kva aktivitetar dei har hatt og kva som er planlagt.</b></p>

	<p><b>Sogn – 3 kretsar:</b>  <b>Ikkje mykje annleis enn vi har hatt det før, men positivt.</b>  <b>Kanskje bør vi ha økonomiske ramar?</b>  <b>Har hatt aktivitetar som har vore svært positive, og meir er planlagt.</b></p> <p><b>Kvinnherad:</b>  <b>Har planlagt og hatt aktivitetar, og med låge marknadsandelar i kretsen må vi vise att.</b>  <b>Dette prosjektet må takast vidare, treng Ny Giv i kretsarbeidet.</b></p> <p><b>Andre innspel:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Treng å gå vidare med dette lenger enn berre i eitt år, for å få meir info om korleis få godt arbeid i kretsane.</li> <li>• Treng kanskje fleire pilotar for meir utprøving, før alt vert rulla ut over heile landet.</li> </ul> <p><b>Vedtak: Saka teken til orientering</b></p>
13	<p><b>Open post</b>  <b>Arnt Haugsgjerd, Magne Haug, Hans Arne Breivik, Norleif Fjeldheim, Øyvind Heinåli-Karlsen, Oddmund Kvalsvik, Per Magnar Sognnes, Anders Haugen, Lasse Øvstedal og Svein Helge Lærdal hadde innspel til saka:</b>  <b>Korleis går det med medlemsbutikkar i Felleskjøpa? Lova for 2 år sidan.</b>  <b>Treng info om Cowi-domen og elles om korleis det går med den økonomiske sida på SAP, på budsjett eller vert det overskridingar?</b>  <b>Treng betaling til tillitsvalde og dekning av reiseutgifter, dette må vere ein del på arbeidet i kretsutvalet. Elles treng kretsane eige budsjett slik som Tine har. Protokollar frå kretsmøta, dette må vere tilgjengeleg for medlemene i kretsen.</b>  <b>Treng tilgang til Medlemsbutikk sjølv om ein bur langt borte frå anlegga. Kanskje FK er eit alternativ? Korleis kan vi få tilsendt varer frå våre eigne butikkar?</b>  <b>Treng å vite korleis ein kan opne lønslippane som kjem.</b>  <b>Kven skal gå i matbutikkane på bygda om vi berre går i medlemsbutikkane?</b>  <b>Varene i medlemsbutikken, kva er kriteriane her?</b></p> <p><b>Jan Erik Fløtre, Torgeir og Ingvill svarte ut innspela.</b></p> <p><b>Vedtak:</b></p>
14	<p><b>Evaluering av møtet</b>  <b>Mange leverte evalueringsskjema.</b>  <b>Ingen hadde innspel på dette utanom leverte skjema</b></p>

Lillian Flø (s)

Arnt Bakke (s)

Even Øyri (s)